

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med avfalls-løysingar for abonnentar og kundar; innsamling, tilrettelegging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall. Me samarbeider òg med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen. IHM er sertifisert etter ISO-9001/14001 og OHSAS-18001.

## Ferievikarar

Ynskjer du ein spennande sommarjobb, trivst du i ein travel arbeidsdag, er omgjengeleg, lærevillig og klar for å ta eit tak for miljøet?

Du vil få arbeida med kunderettleiing, sorteringsarbeid eller førefallande drifts- og vedlikehaldsoppgåver.

Arbeidsstad vil normalt vera på Bjørkemoen, men deltaking på våre andre miljøstasjonar kan vera aktuelt.

Du bør vera over 16 år. Bilsertifikat er ein fordel.

Send oss ein kortfatta søknad med CV om dette verkar interessant.

CV, søknad og attestar sender du til:

ihm@ihm.no, eller til Indre Hordaland Miljøverk IKS, postboks 161, 5701 Voss innan **03.05.19**.

Merk søknad «Ferievikarar»